
Fra: Andreas Granli
Sendt: mandag 4. juni 2018 11.15
Til: Postmottak Radøy
Emne: VS: Forvaltningsplan
Vedlegg: Tilsegnsbrev2015Gås_Nordhordland.pdf

Fra: Jomar Ragnhildstveit [<mailto:Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no>]
Sendt: 1. juni 2018 10:28
Til: Andreas Granli
Emne: SV: Forvaltningsplan

Hei!

Takk for tilsendt plan!. Den ser bra ut, ikkje minst mykje interessant og bra på tiltaksdelen. Eggpunktering er nok svært effektivt ja. Viktig å følgje opp med teljingar i åra framover.

Ser at du ikkje har forslag om utvida jakttid på kanada gakk-gakk, men skulle det vere ønskje om det, så er det berre å seie ifrå.

Grågåsa er som kjent fylkesmannen sitt forvaltningsansvar, (grunna dei nasjonale forpliktingane rundt trekkfuglar, også nemnt i planen).

Vedkomande tilskot til prosjektet frå fylkeskommunen, så er det kjekt at det er nemnt i forordet.

Fylkeskommunen gav tilsegn om tilskot i 2015. Her er lagt ved tilsegnsbrevet. Merk der kravet i sentral forskrift om at sluttrapport skal leggjast inn i sentral søknadsdatabase, altså på søknaden sitt referansenummer der, som er 15SA5FAD. Dette må kommunen gjere, for eg har ikkje tilgang til å leggje inn data der. Det som bør leggjast inn der er sjølve planen, som også vil ha overføringsverdi til andre kommunar. (Har alt vidaresendt den til villforvaltar i Masfjorden kommune).

Når det gjeld sluttutbetaling, så er det nytt no at de må sende elektronisk faktura, og der må det liggje ved signert sluttrekneskap. (Det er streng statleg kontroll med tilskotsmidlane, og blant anna full gjennomgang av Riksrevisjonen i 2011, der fylkeskommunen måtte sende inn saksmapper for kvar enkelt søknad).

For sending av elektronisk faktura til fylkeskommunen, sjå innlimt utklipp nedanfor, som vi har brukt i tilsegnsbrev i år. Saksnummer for dykkar søknad skal vere: 2015/295.

Utbetaling

Mottakar av tilskot skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

For utbetaling av tilskot må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnr.: 2018/232

I feltet «Deres referanse»: 16534

Meir informasjon finn de her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Lukke til, og berre å spørje om det trengs meir hjelp.

Venleg helsing

Jomar Ragnhildstveit
Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | klima- og naturressursseksjonen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Tlf: 976 66 576

www.hordaland.no

Fra: Andreas Granli <Andreas.Granli@radoy.kommune.no>

Sendt: 30. mai 2018 11:54

Til: Jomar Ragnhildstveit <Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no>

Emne: Forvaltningsplan

Hei

Eg ser eg har gløymd å sende deg denne. Fylkeskommunen har løyvd midlar til plan.

Med helsing

Andreas Granli

Rådgjevar landbruk

Felles landbrukskontor Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf 56349068